



HERØY
kommune

Reglement for kjøp og sal av eigedom

Vedteke i K-sak 127/24, 07.11.24



EI BÅTLENGD FØRE

Innhald

REGLEMENT FOR KJØP OG SAL AV EIGEDOM.....	1
1. Formål	3
2. Verkeområde.....	3
3. Mynde/delegasjon	3
3.1 Kommunestyre.....	4
3.2 Formannsskap.....	4
3.3 Kommunedirektør.....	4
4. Kjøp av fast eigedom og bygg.....	5
5. Sal av kommunale bustadtomter	5
5.1 Tilgjengelege kommunale bustadtomter.....	5
5.2 Søknad om kjøp av kommunal bustadtomter	5
5.3 Reservasjon av tomt.....	5
5.4 Sal av tomt	5
5.5 Pris.....	6
6. Sal av kommunale bustader	6
6.1 Generelt om sal av kommunale bustader.....	6
6.2 Sal i open marknad.....	6
6.3 Sal til bebuar	6
7. Sal av kommunale næringstomter	7
7.1 Tilgjengelege næringstomter.....	7
7.2 Reservasjon/sal av næringstomt.....	7
7.3 Kontraktsvilkår ved sal av næringstomter	7
7.4 Tilbakeskøyting	7
7.5 Pris næringstomter	8
8. Næringsbygg.....	8
9. Om sjølvkostberekning.....	8
10. Generelt om omkostningar	9
11. Utferding av skøyte.....	9
12. Feste/tomtefeste	9
13. Diverse	10
13.1 Kommunale regulerings- og arealplanar	10
13.2 Tilleggsareal	10
13.3 Budsjett, økonomiplan og rekneskapsføring.....	10
13.4 Openheit.....	10
13.5 Kommunale tilsette	10

13.6	Ideelle organisasjonar og liknande	11
13.7	Malar.....	11
14.	Endring av reglement.....	11

1. FORMÅL

Formålet med reglementet er fastsette reglar og praksis kring kjøp og sal av kommunal eigedom. Ein ønsker med dette å sikre lik praksis, likebehandling av kontraktspartar, samt god tilrettelegging for private og næringsdrivande.

Reglementet skal sikre at kommunen forvaltar fellesskapet sine eigendelar på ein best mogleg måte, og at ein oppnår best mogleg pris og/eller annan måloppnåing.

2. VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for kjøp, sal og feste¹ av fast eigedom², så langt ikkje anna følger av lov, forskrift, eller andre særskilte politiske vedtak/avtaler som går føre dette reglementet.

Vedtak om kjøp, sal og feste av kommunal eigedom er ikkje eit forvaltingsrettsleg enkeltvedtak, og det er ikkje klagerett på slike vedtak. Alminnelege forvaltingsrettslege prinsipp om forsvarleg sakshandsaming, habilitet, etikk, m.m. gjeld så langt dei passar.

Reglementet omfattar ikkje anskaffingar som vert gjennomført i medhald av Lov om offentlege anskaffingar³.

Sal av kommunal eigedom skal skje i samsvar med EØS-avtalens reglar. I forhold til dette reglementet er det reglene knytt til forbod mot ulovleg statsstøtte i artikkel 61 (1) kommunen må være særleg merksam på. *«Kjøp til overpris, sal av offentlig eigedom til underpris, skatte og avgiftslette og andre tildelingar av formuesgode gitt frå det offentlege kan være støtte. Meir indirekte former for støtte, som gunstige lån eller garantiar vil også kunne omfattast av forbodet»*.⁴

Instruksen gjelder også for eventuelle kommunal føretak (KF).

3. MYNDE/DELEGASJON

Ansvar og mynde i samband med kjøp, sal og feste av fast eigedom, skal være i samsvar med til ein kvar tids gjeldande politiske reglement og administrativ delegasjon.

Ved motstrid mellom nærverande reglement og politisk reglement, går politisk reglement føre.

¹ Feste (tomtefeste) medfører at ein leiger tomtegrunn for å oppføre ein bygning som festar eig. Den som leiger tomte vert kalla fester, medan den som eig grunnen vert kalla bortfester

² Grunn samt eventuelle faste bygningar som står på denne. Omfattar både matrikulert og umatrikulert grunn. Fast eigedom kan ha ulike

rettar knytt til seg, t.d. bruksrettar, pant og andre hefte.

³ Forskrift om offentlege anskaffingar FOR-2016-08-12-974 § 2-4

⁴ Kommunal verksemd i lys av EØS-avtalens statsstøttereglar. Rapport skrive av Alt advokatfirma på oppdrag for kommunal- og regionaldepartementet. Desember 2013.

3.1 Kommunestyre

Kommunestyret kan krevje alle saker lagt fram til handsaming.

Kommunestyret skal:

- vedta reglementet og vesentlege endringar av dette
- vedta kjøp og sal av eigedom i samband med vesentlege endringar i kommunen sitt tenestetilbod, som t.d. sal av formålsbygg som skular og institusjonar.

3.2 Formannsskap

Formannskapet har det overordna ansvar og mynde i samband med kjøp, sal og feste av fast eigedom.

Formannskapet skal:

- handsame saker av prinsipiell karakter
- vedta reservasjon og sal av næringstomt⁵ der salssummen er over 500 000 kr
- vedta sal av næringsbygg⁶ der antatt salssum er over 5,0 mill.kr
- vedta kjøp av areal innan vedtekte budsjett
- vedta festeavtaler der kommunen er festar

3.3 Kommunedirektør

Kommunedirektør gjennomfører forhandlingar med private og næringsdrivande om kjøp, sal og feste av fast eigedom.

Kommunedirektør skal:

- kunne kjøpe fast eigedom i samsvar med politiske vedtak og løyvingar
- kunne kjøpe naudsynt areal, samt gjennomføre grensejusteringar og arealoverføringar i samband med vedtekne prosjekt
- gjennomføre sal og feste av eigedom i samsvar med politiske vedtak
- inngå festeavtaler der kommunen er bortfestar
- selje kommunale bustader⁷ dersom sal vert vurdert hensiktsmessig
- handsame søknader om reservasjon, og gjennomføre sal av kommunale bustadtomter⁸
- handsame og innstille på søknader om reservasjon av næringstomt
- vedta sal av næringstomt der salssummen er under 500 000 kr, og salet ikkje er av prinsipiell karakter
- vedta sal av næringsbygg der antatt salssum er under 5,0 mill.kr, og salet ikkje er av prinsipiell karakter
- vedta sal av tilleggsareal og gjennomføre makebyte⁹
- rapportere på kjøp, sal og feste av eigedom
- kunne signere kontraktar

Kommunedirektør kan delegere sitt mynde til tilsette innan eigen organisasjon, og fastset arbeidsrutine for administrativ gjennomføring av kjøp og sal av eigedom.

⁵ Kommunalt eigd areal i område som er regulert eller avsett til industri og næringsverksemd.

⁶ Kommunalt eigde bygg som ikkje er aktive formålsbygg som skular, barnehagar og institusjonar, eller kommunale bustader. Døme: lagerbygg, nedlagde skular

⁷ Hus og leilegheiter som vert utleidd til privat personar. Det omfattar ikkje omsorgsbustadar eller liknande institusjonsplassar.

⁸ Kommunale bustadtomter omfattar både tomter i kommunalt bustadfelt, sjølvstendige tomter og/eller deler av desse.

⁹ Bytte av eigedomar med eller utan mellomlegg. Kan gjelde heile eigedomar, eller deler av eigedom, som t.d. grensejustering.

4. KJØP AV FAST EIGEDOM OG BYGG

Kjøp av fast eigedom og bygg vert gjort i samsvar med politiske vedtak, samt vedtekne planar, mål og strategiar.

- Relevant dokumentasjon om eigedom og bygg som skal kjøpast, skal om mogleg innhentast i forkant av politisk handsaming og følgje saksframlegget.
- I samband med kjøpet, må det være gjort ei vurdering av framtidige kostnader/budsjett til drift, vedlikehald, sanering, etc.
- Kjøp skal skje til best mogleg pris, om ikkje anna er særskilt vedteke/avtalt.
- Det vert stilt krav om skriftleg kontrakt. Det skal i kontrakt takast naudsynte atterhald for å sikre oppfylling av politiske vedtak og kjøpsrettslege rettar og garantiar
- Det må sikrast at kommunen mottek heftefritt skøyte mot betaling av eigedomen
- Ved kjøp av bygg, bør det gjennomførast ei overtakingsforretning i samband med overtakinga av bygget
- Etter overtaking skal eventuelle manglar følgast opp mot seljar. Det skal fremmast krav om retting av manglar og mogleg prisavslag
- Ved vesentlege manglar skal ein vurdere å heve kjøpet

5. SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER

5.1 Tilgjengelege kommunale bustadtomter

- Oversikt over ledige tomter i kommunale byggefelt finnast på Herøy kommune si internettside [Ynskjer du å kjøpe bustadtomt i Herøy kommune](#)

- Ledige tomter kan annonserast i ulike media ved behov

5.2 Søknad om kjøp av kommunal bustadtomter

- Søknad om kjøp av kommunal bustadtomt skal skje på eige søknadsskjema. Søknadsskjema er å finne på kommunen si nettside.
- Søknad vert ikkje handsama før slikt søknadsskjema er innlevert.
- Tidspunkt for innlevering av søknad er avgjerande for prioritetsval dersom det er fleire søkarar til tomta.
- I nye bustadfelt som vert lagt ut for sal, skjer tildeling ved bruk av loddtrekning dersom det er fleire interessentar til den same tomta.
- Søkjarar må vere over 18 år. Det kan berre leverast ein søknad pr tomt av ektefellar/sambuarar.

5.3 Reservasjon av tomt

- Tomtesøkar kan den reservere kommunal bustadtomta utan økonomisk binding i seks – 6 - månader. Fristen kan etter søknad utvidast, dersom det vert vurdert formålstenleg av kommunen.
- Reservasjonsfristen vert rekna frå dato for kommunens stadfesting av reservasjonen.
- Søker må innan utløp av reservasjonsfristen bekrefte skriftleg til kommunen at ein ynskjer å kjøpe tomta. Dersom slik skriftleg stadfesting ikkje er motteke innan fristen, fell reservasjonen bort utan ytterleg varsel, og kommunen kan fritt disponere tomta.

5.4 Sal av tomt

- Dersom skriftleg stadfesting om kjøp av tomta føreligg innan utløp av reservasjonsfristen, vert Herøy kommunes standardkontrakt for bustadtomter oversendt kjøpar for signatur.

- Signert kjøpekontrakt må returnerast innan ein - 1 - månad saman med signert eigenfråsegn om konsesjonsfritak. Dersom signert kjøpekontrakt ikkje er returnert innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomte ut for sal på ny.
- Etter mottak av signert kontrakt, vert det sendt faktura for kjøpesum og omkostningar. Skøyte vert utstedt når betaling er mottatt.
- Dersom Kjøpar ikkje betaler faktura innan forfall, vert overskøyting utsett og tomtekjøpar fakturert for forseinkingsrenter etter lov om forseinkingsrenter til betaling skjer.
- Kommunen pliktar ikkje å kjøpe attende bustadtomter som er overskøyt til Kjøpar

5.5 Pris

- Pris på bustadtomt vert sett til det som gjev høgast pris av sjølvkost, jf. pkt. 9, eller marknadsverdi
- I enkelte bustadfelt er det fastsett pris pr kvadratmeter. Sjå kommunen si internettside: [Ynskjer du å kjøpe bustadtomt i Herøy kommune](#)
- Bustadtomter som det har synt seg vanskeleg å selje, kan etter ei konkret vurdering seljast til ein lågare pris. Det bør då gjennomførast ei ny taksering.
- Sal av heile bustadfelt skjer på vilkår og pris fastsett i eige politiske vedtak.

6. SAL AV KOMMUNALE BUSTADER

6.1 Generelt om sal av kommunale bustader

At fleire skal kunne eige eigen bustad, er eit prioritert mål i nasjonal og lokal

bustadpolitikk. Ein skal ha fokus på at fleire leigetakarar skal kunne bli eigarar.

Kommunen kan avhende kommunale bustader dersom dette vert vurdert som hensiktsmessig. Dette kan t.d. være aktuelt dersom:

- bustaden er har ei utforming eller plassering som ikkje passar med behovet
- bustaden krev kostbar rehabilitering
- kommunen har overkapasitet.

6.2 Sal i open marknad

Sal av kommunal bustad skal normalt skje til marknadsverdi. Kommunedirektør fastset salsstrategi. Salet gjennomførast enten:

- ved bruk av eigedomsmeklar
- eller kommunedirektør kan gjennomføre salet dersom det vert vurdert formålstenleg

6.3 Sal til bebuar

Bebuaren i den kommunal bustaden som skal seljast, har høve til å kjøpe bustaden på følgjande vilkår:

- Pris vert sett til antatt marknadsverdi eller verditakst. Dette må vurderast i samband med salet
- ein kan i særlege tilfelle akseptere tilbod under verditakst. Dette må avklarast med økonomiavdelinga då dette kan medføre ei tapsføring i kommunen sitt rekneskap
- dersom kommunen ønsker å selje bustaden, kan bebuar gis ein frist på 3 månader til å kjøpe bustaden før den vert lagt ut til ope sal
- Overtakingsdato må tilpassast bebuaren si leigekontrakt med kommunen

7. SAL AV KOMMUNALE NÆRINGSTOMTER

7.1 Tilgjengelege næringstomter

- Oversikt over ledige næringstomter ligg på Herøy kommune si internettside
- Førespurnad om kjøp sendast til Herøy kommune

7.2 Reservasjon/sal av næringstomt

- Næringstomt kan reserverast i inntil 2 år rekna frå dato for vedtaket.
- Kommunedirektøren kan forlenge reservasjonsfristen, forutsett at det ikkje er andre interessentar til næringstomta, eller føresetnadane for reservasjonsvedtaket er endra.
- Vesentlege endringar av vilkår og føresetnadar for reservasjon, krev ny handsaming.
- Dersom skriftleg stadfesting om kjøp av næringstomt føreligg innan reservasjonsfrist, vert kontrakt utarbeidd og oversendt kjøpar for signatur.
- Ved sal av næringstomt utan føregåande reservasjon, bør kontraktutkast ligge ved saksframlegget til politisk handsaming.
- Dersom sal av næringstomt vert gjort av Kommunedirektør skal kopi av kontrakt leggst fram for formannsskapet som ei referatsak i etterkant.

7.3 Kontraktsvilkår ved sal av næringstomter

Kommunen skal ved sal av næringstomter sette relevante kontraktsvilkår som sikrar utnytting, aktivitet og næringspolitiske målsetjingar på kommunale næringstomt.

Kontraktsvilkår bør fastsettest i vedtak om reservasjon/sal.

Kommunedirektør skal sette relevante kontraktsvilkår i samsvar med politiske vedtak og etter ei konkret vurdering. Døme på kontraktsvilkår er:

- Krav om tilbakeskøyting dersom næringseigedomen ikkje vert nytta innan fastsett frist, normalt 2 år, sjå pkt. 7.4
- Indeksregulering av pris
- Tinglyst rett til å ha kommunale anlegg liggande i grunn
- Krav til bygging av gang- og sykkelveg og annan infrastruktur
- Krav til snøbrøyting og anna vedlikehald
- Offentleg tilgjenge til, eller over eigedomen
- Tidsavgrensing/tilbakeskøyting
- Avgrensing av framtidig bruk/bruksendringar
- Opsjonar¹⁰
- Misleghaldsklausular
- Atterhald om politisk godkjenning

Lista er ikkje uttømmende.

7.4 Tilbakeskøyting

Dersom det ved sal av næringstomt er tatt inn kontraktsvilkår som fastsett at Kjøpar forpliktar seg til å selje/skøyte næringstomta tilbake til kommunen, jf. pkt. 7.3, skal det i kontrakt takast inn vilkår om at tilbakeskøyting skjer på følgjande vilkår:

- Tilbakeskøyting skal om ikkje anna er særskilt avtalt, skje til same pris som eigedomen vart seld for. Prisen vert ikkje indeksregulert.
- Ved tilbakeskøyting har kommunen rett til å motrekne kostandar til dokumentavgift og tinglysingsgebyr

¹⁰ Avtalt rett, men ikkje plikt, til å kjøpe/selje fast eigedom på visse avtalte vilkår.

som tilbakeskøytinga utløyser, i beløpet som skal betalast opprinneleg kjøpar. Kjøpar sine kostnader til dokumentavgift og tinglysingsgebyr ved det opphævelege salet vert ikkje refundert.

- Kommunen kan etter ei vurdering av eigen nytte, refundere kostnader til frådelling, oppmåling og nabovarsling som kjøpar tidlegare har betalt
- Dersom det er hefte i eigedomen, har kommunen rett til å halde attende beløp tilsvarende storleiken på heftet.
- Kjøpar skal underrettast skriftleg om reglane om dette ved tildelinga, og vilkåret skal takast inn i skøytet.

7.5 Pris næringstomter

Pris for næringstomt vert fastsett i samband med reservasjon/sal av næringstomt.

Om ikkje anna er vedtatt, så vert pris fastsett ved takst.

Døme på prisfastsetting er:

- Pris fastsett i politisk vedtak
- Avtale mellom kommunen og kjøpar etter forhandlingar
- Verdifastsetting etter verditakst. Taksten bør ikkje være eldre enn 6 månader
- Marknadspris. Beste pristilbod av fleire tilbydarar.
- Sjølvkostvurderingar, jf. pkt. 8

Formannsskapet kan i samband med handsaming av reservasjonssøknad sette krav om at søkar skal betale eit nærare fastsett gebyr for å reservere næringseigedom.

8. NÆRINGSBYGG

Sal av næringsbygg vert gjort i samsvar med politiske vedtak og føringar.

Som næringsbygg reknar ein bygg, kaier, moloar, idrettsinstallasjonar og anna utnytta næringsareal.

- Sal kan skje ved utlysing i open marknad, eller etter førespurnad frå interessent
- Sal skjer etter takst om ikkje anna er vedtatt
- Rettar som forkjøpsrett, leigeavtaler, m.m., må avklarast i samband med salsprosessen
- Der takst er lågare enn bokført verdi i kommunen sitt rekneskap, må sal avklarast med økonomiavdelinga
- Overtakingsdato må tilpassast eventuell leigekontrakt

9. OM SJØLVKOSTBEREKNING

Sal av kommunal eigedom kan skje etter sjølvkostprinsippet.

I kommunale bustadfelt skal det for kvar einskild bustadtomt reknast ut ein grunnpris pr. bustadtomt. Grunnprisen vert berekna på netto tomteareal av samla utbyggingskostnader for bustadfeltet.

Kostnadar som skal reknast inn i berekningsgrunnlaget er:

- Det kommunen betalte for arealet, inkludert eventuelle skjønnskostnader, kostandar til regulering og frådelling, målebrev, tinglysingsgebyr og dokumentavgift, m.m..
- Kostnader med opparbeiding av tekniske anlegg, prosjekteringskostnader, kostnader med opparbeiding, gatelys og administrasjonskostnader (1,5 % av kjøpesum).

Nye bustadfelt skal i tillegg takserast ved ferdigstilling, og endeleg prisfastsetting vert etter prinsippet det som gjev høgast

salspris for kommunen, sjølvkost eller verditakst/ marknadsspris. Kostnader til taksering skal reknast inn i grunnlaget

Formannskapet kan fastsette særskilt kvadratmeterpris i ulike bustadfelt. Dette er gjort for fleire bustadfelt i kommunen, sjå [Ynskjer du å kjøpe bustadtomt i Herøy kommune](#)

Formannskapet kan fastsetta at prisane skal regulerast i samsvar med auke i konsumprisindeksen eller annan indeks.

10. GENERELT OM OMKOSTNINGAR

Alle gebyr og omkostningar skal om ikkje anna er vedteke/avtalt, betalast av kjøpar.

Døme på gebyr:

- Gebyr til oppmåling/frådeling/ nabovarsling/sakshandsaming, m.m. vert fastsett og kravd i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.
- Dokumentavgift og alle tinglysingsgebyr vert kravd frå kjøpar.
- Dersom sal er gjennomført ved bruk av eigedomsmeklar eller tilsvarende, vert denne kostnaden dekt av kjøpar.
- Dersom det i kontrakt er sett krav om tilbakeskøyting til kommunen grunna manglande oppfyljing av byggeplikt eller liknande, har kommunen rett til å motrekne kostandar til dokumentavgift og tinglysingsgebyr ved tilbakekjøp i beløpet som skal betalast, jf. pkt. 7.4.

Kommunen tek ansvar for betaling av gebyr/omkostningar til Kartverket, m.m.

Tilknytingsgebyr for vatn- og avlaup kjem i tillegg til tomteprisen med til ein kvar tids

gjeldande satsar. Tilknytingsgebyr vert fakturert direkte til kjøpar.

11. UTFERDING AV SKØYTE

Ved sal av kommunal eigedom, så utferdar kommunen skøyte og sender dette til tinglysing hjå Kartverket, om ikkje anna er avtalt.

Slik overskøyting skal normalt skje innan 30 dagar etter betaling, føresett at andre kontraktvilkår er oppfylt.

12. FESTE/TOMTEFESTE

Dersom nokon ønsker å feste kommunal eigedom, skal sal av eigedomen vurderast som eit alternativ.

Ved feste av bustad og annan eigedom som er regulert av tomtefestelova, vert vilkår sett i samsvar med tomtefestelova sine reglar.

- Årleg festeavgift vert sett til marknadsspris
- Innløyising av festetomt skjer etter tomtefestelova. Festetomter til bustad- og fritidsformål kan seljast direkte til den enkelte fester til ein pris som ikkje skal være lågare enn tomtefestelova sine reglar for innløyising

For festeavtalar som ikkje vert regulert av tomtefestelova, til dømes bortfeste av næringseigedom, så gjeld følgjande retningslinjer:

- Festetid settast til 20 år, med moglegheit for forlenging 10 år av gangen
- Årleg festeavgift settast til 4 % av festetomta sin verdi
- Anna festetid og festeavgift kan fastsettast særskilt av formannskapet

Lista er ikkje uttømmende. Vert vurdert i det konkrete tilfellet.

13.DIVERSE

13.1 Kommunale regulerings- og arealplanar

Eigedomar som seljast skal være regulert i samsvar med Kjøpar sitt formål og utnytting.

Kommunen har areal i uregulerte område. Nokon av desse er innanfor areal som allereie er formålsavsett i kommuneplanens arealdel til t.d. bustadområde. Dersom kommunen ikkje ønsker å ferdigstille områder formålsavsett til bustadområde eller næringsområde i arealdelen, kan dei seljast til profesjonelle eigedomsutviklarar som sjølv må førestå naudsynt regulering i samsvar med krav i arealdelen.

Sal av fast eigedom skal vurderast i samsvar med kommuneplan og reguleringsplan.

Storleik på tomter skal være i samsvar med kommuneplan eller reguleringsplan.

13.2 Tilleggsareal

Ved sal av tilleggsareal¹¹, skal det normalt settast kontraktskrav om at tilleggsarealet vert slått saman med kjøpar sin eigedom til ei eining/matrikkel, der dette er mogleg.

Areal som har ein storleik og karakter som gjer det eigna som ei sjølvstendig bustadtomt, skal normalt ikkje seljast som tilleggsareal. Regulert friareal kan ikkje kjøpast som tilleggstomt eller til utviding av eksisterande tomt utan at reguleringsplanen for gjeldande område først vert teke opp til handsaming i si heilheit.

Ved sal av tilleggsareal til eksisterande næringstomt, kan det krevjast at kjøpar dokumentere planer for framtidig bruk av arealet. Det kan settast høvelege kontraktskrav, jf. pkt. 7.3.

Pris på tilleggsareal vert sett lik kvadratmeterprisen i området dersom denne er kjent. Om denne er ukjent vert pris fastsett ved skjønn.

Ved sal av tilleggsareal til næring, kan det innhentast takst dersom dette vert vurdert som hensiktsmessig.

13.3 Budsjett, økonomiplan og rekneskapsføring

Budsjett, økonomiplan og andre politiske vedtak er styrande økonomiske disposisjonar kring kjøp, sal og feste av eigedom.

Verdien av kommunen sine eigedomar er bokført i kommunens rekneskapsbalanse. Ved sal av eigedom til ein lågare verdi enn oppdatert takst, vil dette kunne medføre ei tapsføring i kommunen sitt driftsrekneskap.

Sal av eigedom bør i forkant avklarast med økonomiavdelinga.

13.4 Openheit

Det skal praktiserast openheit og meiroffentlegheit kring kommunen sine kjøp og sal av eigedom.

Når kommunen skal selje ein eigedom, er hovudregelen at den annonserast for sal i full openheit.

13.5 Kommunale tilsette

Tilsette skal likehandsamast med andre interessentar, og har lov til å by på kommunal eigedom som skal seljast.

¹¹ Areal med felles grense som i form og størrelse ikkje er anvendeleg som egen tomt.

13.6 Ideelle organisasjonar og liknande

Fast eigedom kan seljast/overførast til ideelle organisasjonar, herunder foreining, idrettslag, m.m. til ein lågare pris enn sjølvkost, eller avhendast vederlagsfritt. Det kan settast vilkår til overdragelsen.

13.7 Malar

Ulike malar for arbeid med kjøp og sal av eigedom ligg i kommunen sitt internkontrollsystem Compilo.

14. ENDRING AV REGLEMENT

Vesentlege endringar av reglement gjerast av kommunestyret. Ajourhald og ikkje vesentlege endringar vert delegert til kommunedirektør.

Endringslogg:

Dato	K-sak	Endring
07.11.2024	2024/127	Reglement vedtatt.